



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv

Samtlige departementer
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-5/2007	2007/4208 C/IMH/SBP	01.10.2007

Statsbudsjettet 2007. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2007. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2007 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet, kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 18. oktober 2007.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2006
- Saldert budsjett 2007 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2007

I Hovudbudsjettskrivet for 2008 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2007 innan 15. august 2007. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 16. november 2007.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2007 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 30. november 2007.

Med helsing

Espen Aasen e.f.
avdelingsdirektør

Ingvild Melvær Hanssen
førstekonsulent

Sakshandsamar: Ingvild Melvær Hanssen, tlf: 22 24 41 42